

**REGULERINGSPLAN for
Bustadfelt på NOSS,
DEL AV GR.NR. 103/2, 11 – GAULAR KOMMUNE**

8371rn01

REGULERINGSFØRESEGNER

Pgr. 1

1.1

Det regulerte områder vist på planen med plangrense.

Pgr. 2

2.1

Området er regulert til:

BYGGEOMRÅDE	- bustadformål (B 1 og B 2) TU maks. 29 %
FRIOMRÅDE	- friområde, leikeplassar
FAREOMRÅDE	- kraftlinje
FELLESOMRÅDE	- køyreveg

Pgr. 3

FELLESFØRESEGNER

3.3 Plankrav

3.3.1.

I samband med byggemeldinga skal det framleggast situasjonsplan som forklarar korleis også den ubygde delen av tomta skal utnyttast og utformast.

3.3.2.

I samband med byggemelding skal det framleggast teikning7sit.plan som viser garasje-/carportløysinga, sjølv om dette tiltaket skal gjennomførast på eit seinare tidspunkt.

3.2 Tomteutnytting

3.2.1.

Områda B1 og B2 kan nyttast til frittliggande bustadhus, med eit bruksareal (BRA) - her inkludert garasje/carport - på inntil 20 % av heile tomtearealet (TU = 20 %).

3.3 Bygningsform

3.3.1.

Bygningane kan oppførast med 1 ½ etasje, med tillegg av under-etasje der det terrengmessig ligg naturleg til rette for ei slik løysing.

3.3.2.

Bygningane skal ha saltak el. liknande form for skråtak med takvinkel min. 22 ° og maks. 45 °.

3.4 Material- og fargebruk

3.4.1.

Det kan ikkje nyttast utvendig kledning eller taktekking som i material – og fargebruk verkar dominerande (gjev ”signaleffekt”) eller skjemma for omgjevnaden.

3.5 Parkering

3.5.1.

Det skal avsettast plass til 2 personbilar pr. bueining, som skal opparbeidast i tråd med godkjend plan.

3.5.2.

Garasje/carport kan plasserast inntil 1,0 m frå nabogrense, evt. samanbyggast med tilsvarande anlegg på nabotomt. Garasjen må plasserast slik at det er plass til midlertidig oppstilling av bilen mellom vegkant og garasjeopning.

3.6 Felles køyreveg

3.6.1.

Felles køyreveg skal opparbeidast slik som vist på planen, med 3,0 m køyrebane, + 0,25 m skulder på kvar side. Vegområdet må omfatte min.1,0 m på kvar side, for naudsynt grøft, snøopplag m.m.

Pgr. 4

GENERELT

4.1.1.

Kommunen kan gjere mindre unntak frå reg.plan og reg.planføresegner, innafor rãmene som til kvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

Førde den 08. okt. 1998

KjM